



## INFORMASJON OM TILSKOT FRÅ POST 79 I 2016

---

For 2016 er det løyvd kroner 52 036 000,- over post 79 til verdsarv. Det ein føresetnad at 6 millionar av desse skal nyttast til verdsarvsenter på Vega og 4 millionar til verdsarven Rjukan-Notodden industriarv.

### **Prop. 1S 2015-2016, post 79 tilskot til verdsarven**

#### **Mål**

Områda på Unescos verdsarvliste i Noreg skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og retningslinjene for oppfølging av konvensjonen.

#### **Kriterium for måloppnåing**

Tiltak retta mot verdsarvområdar i Noreg.

#### **Tildelingskriterium**

Målgruppa er områdane i Noreg som står på eller er under nominasjon til Unescos verdsarvliste. Det gjeld åtte stader og ein nominasjon som ikkje er sluttbehandla. I spesielle tilfelle kan midlane nyttas til tiltak som indirekte medverkar til sikring av desse områda.

#### **Oppfølging og kontroll**

Oppfølging skjer gjennom møte og fagsamlingar gjennomførte i samsvar med avtalt arbeidsprogram. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsende rapportar. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt at Riksantikvaren eller fylkeskommunen/ Sametinget utfører kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

## **Rundskriv T-1/15 - tilskotsordningar for 2016**

#### **Generell omtale**

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltninga, og gir råd og rettleiing i faglege spørsmål til Klima- og miljødepartementet. Riksantikvaren forvaltar tilskotsmidlane over postane 70, 71, 72, 73, 74, 75 og 79. Sametinget forvaltar tilskotsmidlane over post 50.

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø, og ta vare på kulturminne som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Tilskotsmidlane må ein sjå i denne samanheng. Eigar vil som hovudregel ha ansvaret for gjennomføring av eit tiltak, men i einskilde høve kan det vere føremålstenleg at Riksantikvaren, fylkeskommunen/Sametinget eller kommunane er ansvarlege i samarbeid med eigar. Der det er mogleg bør tilskotsmidlane kombinerast med ordningar for opplæring som kan heve kunnskapsnivået innan



antikvarisk istandsetjing. Det blir lagt vekt på utvikling av handverkskompetanse og bruk av tradisjonelle handverksteknikkar og materiale.

### **Tilskot til verdsarven (Kap. 1429 post 79)**

#### *Mål for ordninga og målgruppe*

Tilskotsordninga er knytt til Bevaringsprogrammet for verdsarven. Målet med ordninga er å forvalte stadene på Unescos verdsarvliste i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og de internasjonale retningslinene frå Unesco. I spesielle tilfelle kan midlane nyttast til tiltak som indirekte medverkar til sikring av verdsarven.

#### *Tiltak som kan få tilskot*

Tilskot blir gitt til private eigarar og forvaltarar i stader i Noreg som står på Unescos verdsarvliste. Dette er for tida åtte stader. Tilskot gis til prosjekt for sikring, istandsetjing, overvaking og andre naudsynte tiltak. I spesielle tilfelle kan midlane nyttast til tiltak som indirekte medverkar til sikring av verdsarven.

Riksantikvaren kan sjølv initiere viktige tiltak. Det er også mogleg for fylkeskommunane på vegne av eigarar å söke om midlar til større oppgåver. For å få tilskot er det ein føresetnad at tiltaket fell inn under målet for ordninga.